



Arkivnr: 2015/10350-3  
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

## Høyrings svar - Framlegg til endringar i opplæringslova - friare skuleval på tvers av fylkesgrensene og grunnskuleopplæring til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring

### Samandrag

Kunnskapsdepartementet sende 21. september 2015 framlegg til endringar i opplæringslova på høyring. Høyringa har fire hovuddelar, skuleval over fylkesgrensene, grunnskuleopplæring til elevar med rett til vidaregåande opplæring, klargjering av når opplæringsplikta tek slutt ved utanlandsopphald og å fjerne tilrådinga i lova om maksimal skulestorleik. Dei to siste delane gjeld grunnskuleopplæring og er ikkje aktuelle for Hordaland fylkeskommune, desse delane vert difor ikkje svara på i denne høyringsuttalen. Høyringsfristen er 7. desember 2015.

### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune går mot framlegget om skuleval over fylkesgrensene, med dei merknadene som kjem fram her. Fylkeskommunen støttar intensjonen om å gje grunnskuleopplæring til elevar med rett til vidaregåande opplæring, men finn at framlegget slik det er no, ikkje vil gje naudsynt endring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Høyringsnotat - Framlegg til endringar i opplæringslova - friare skuleval på tvers av fylkesgrensene og grunnskuleopplæring til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring

### **Fylkesrådmannen, 23.10.2015**

Kunnskapsdepartementet sende 21. september 2015 framlegg til endringar i opplæringslova på høyring. Høyringa har fire hovuddelar, skuleval over fylkesgrensene, grunnskuleopplæring til elevar med rett til vidaregåande opplæring, klargjering av når opplæringsplikta tek slutt ved utanlandsopphald og å fjerne tilrådinga i lova om maksimal skulestorleik. Dei to siste delane gjeld grunnskuleopplæring og er ikkje aktuelle for fylkeskommunen, desse delane vert difor ikkje svara på i denne høyringsuttalen. Høyringsfristen er 7. desember 2015.

### **Friare skuleval på tvers av fylkesgrensene**

Endringane går ut på at elevar i vidaregåande skule skal få høve til å søkje skuleplass i andre fylke enn der dei bur. Framlegget inneber at fylkeskommunane får ei plikt til å betale for skuleplassar i andre fylke og at elevane vert gjevne rett til inntak i andre fylke når det er ledig kapasitet. Den nærare reguleringa av inntak av gjesteelevar, fortrinnsrett, satsar for gjesteelevoppgjer, sakshandsaming og skyss med meir vert gjort framlegg om som endringar i forskrift til opplæringslova i ei eiga høyring seinare. Det er vanskeleg å svare på ei slik overordna høyring når desse viktige detaljane ikkje vert tekne opp no.

Framlegget inneber at fylkeskommunane ikkje lenger får rett til å inngå avtalar om kjøp og sal av plassar og gjesteelevordningar. Hordaland fylkeskommune har avtalar om både kjøp og sal og om gjesteelevar og finn dette viktig som del av vårt inntakssystem. Fylkesrådmannen er sterkt imot at denne kompetansen til å inngå avtalar skal fjernast frå fylkeskommunen og flyttast til staten. I framlegget skal gjeldande gjesteelevordningar opphevast, og berre elevar med særlege pedagogiske eller sosiale behov skal få fortrinnsrett. Kva som skal liggje i slike behov, vert det ikkje teke stilling til no. Dette er uheldig. Dagens ordning er at fleire grupper skal skjermast, mellom anna søkjarar til tilbod som ikkje finst i heimfylket og søkjarar i bestemte grenseområde i fylket. Dette vil føre til at elevar i grenseområde som no er sikra plass på skule i nabofylket, gjennom anten kjøp og sal av plassar eller gjesteelevordning, vil miste plassen sin til elevar med høgare karaktersnitt frå heilt andre fylke. For Hordaland sin del gjeld dette elevar i grenseområda til Rogaland, særleg elevar busette i Etne og Sveio, og i grenseområda mot Sogn og Fjordane, gjesteelevar ved Austrheim vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at det er trong for denne lovendringa. I dag er det slik at søknader frå elevar i andre fylke som ønskjer å flytte til Hordaland og få skuleplass her, vert handsama og tekne med i inntaket om det ligg føre særlege grunnar. Sjå lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Hordaland fylkeskommune § 14:

#### *«§ 14. Flytting*

*For å vere med i inntaket til vidaregåande opplæring må det vere meldt flytting til Hordaland fylke innan 1. mars.*

*Søkjarar som flytter til Hordaland fylke etter 1. mars, kan takast med i inntaket dersom det ligg føre særleg grunn.*

*Dokumentasjon om planlagt flytting må sendast til Hordaland fylke innan 23. juni.»*

Ei ordning med skuleval over fylkesgrensene vil truleg òg føre til dobbel sakshandsaming og uklære ansvarstilhøve. Søkjarar med fortrinnsrett og anna som treng ekstra sakshandsaming, vil kunne verte handsama av både heimfylket og vertsfylket, i tillegg til at ansvaret for elevar som søker til fleire fylke, lett kan verte uklårt. For å unngå problem på dette området, vil ein verte tvungen til meir byråkrati og statleg styring av inntaket. Dette er uheldig, i tillegg til at fylkesrådmannen ikkje kan sjå at det er naudsynt. Dei som ønskjer å flytte mellom fylka, kan ivaretaast på enklare måtar enn med departementet sitt framlegg.

### **Høve til å tilby grunnskuleopplæring til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring**

Kunnskapsdepartementet gjer framlegg om endringar i opplæringslova for å leggje til rette for at kommunar og fylkeskommunar kan tilby meir grunnskuleopplæring til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring, men som har trong for meir grunnskuleopplæring for å kunne følgje opplæringa på vidaregåande nivå. Døme på dette er ungdommar som kom til Norge på slutten av opplæringspliktig alder og som har trong for meir grunnskuleopplæring, eller ungdommar som grunna sjukdom har gått glipp av undervisning.

Føremålet med endringane er å gje elevane eit betre fagleg grunnlag til å fullføre vidaregåande opplæring og å motverke fråfall.

Det er ein samanheng mellom svakt fagleg grunnlag frå grunnskulen og høgare risiko for fråfall i vidaregåande skule. Minoritetsspråklege ungdommar med kort butid i Norge har særleg risiko for fråfall. Desse har ulik utdanningsbakgrunn, men sams for dei er at dei ofte ikkje har opparbeidd seg tilstrekkelege kunnskapar i norsk skriftleg og munnleg, noko som gjer vidaregåande opplæring utfordrande. Elevane kan til og med mangle grunnlag for vurdering i eitt eller fleire fag, og likevel ha fullført grunnskulen og starte i vidaregåande opplæring. Når dei er over opplæringspliktig alder, 16 år, og har fullført grunnskulen, har dei ikkje rett til meir grunnskuleopplæring eller høve til å ta opp igjen fag frå grunnskulen.

Fylkesrådmannen er positiv til at KD set fokus på elevar med kort butid og deira trong til meir grunnskuleopplæring ved å styrkje tilbodet i overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring. Hordaland fylkeskommune har følgd forsøket med kombinasjonsklasse i Larvik sidan oppstart, og har sjølv starta prosessen med å opprette liknande tilbod her i Hordaland i tillegg til dei innføringsklassane vi har i dag. Når elevane kan få vurdering etter grunnskulenivå, vil dei vere betre rusta til start i ordinære Vg1-klassar og lettare kunne nå sine mål i val av utdanning. Fylkesrådmannen synest og det er viktig at ein i etablering av slike tilbod får vidareutvikle samarbeidet med grunnskuleeigarar i fylket, og at elevar i vidaregåande alder får gå ilag med elevar i same alder.

Når det er sagt, meiner fylkesrådmannen det er uheldig at Departementet heller ikkje no ønskjer å stille krav til norskkompetanse for elevar med kort butid ved inntak til ordinære klassar. Hordaland fylkeskommune har i mange år vore aktiv i diskusjonen om korleis ein kan gje eit betre tilbod til elevar med kort butid. Fylkeskommunen har brukt mykje ressursar på å utvikle vårt eige tilbod om innføringsklassar, mellom anna ved å utvikle eigen lokal læreplan i 6 sentrale fag for bruk i alle innføringsklassane, med satsing på eigne tilbod for minoritetsspråklege elevar både innan yrkesfag og studiespesialiserande og ved utvikling av nettskule i norsk for minoritetsspråklege. Fylkesrådmannen ønskjer å gjere tilboda så gode at elevar lar seg freiste til å søkje på dei. Likevel er det alt for mange som vel å starte rett i Vg1 når dei har dokumentert si grunnskuleopplæring, sjølv om dei har svært svake norskkunnskapar. Dette er ei stadig større utfordring for skulane og ikkje minst for elevane som trur dei skal greie det same på normert tid som sine medelevar som er oppvaksne i Noreg. Det er vidare ein tryggleiksrisiko med låge norskkunnskapar på verkstader i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Hordaland fylkeskommune har vore pådrivar for at ein etter kartlegging av norskkompetansen til elevar med kort butid skal kunne fatte enkeltvedtak om særskilt språkopplæring, og gje tilbod om eitt år i innføringsklasse før ein søker ordinær Vg1-klasse. Med god, oversett informasjon til elevar og føresette i samband med utsending av vedtaket, trur fylkesrådmannen at fleire vil nytte eit innføringstilbod enten det er i innføringsklasse eller i kombinasjonsklasse.